

Dette seier Gahr Støre om sjukehus, tingrett, deponi – og svele

Nyanserer om «parallele» fødeavdelingar ved fellessjukehuset på Hjelset og i Kristiansund. Vil også riste i føretaksmodellen.



Glad i svele: Jonas Gahr Støre gikk direkte til sveledisken da han kom om bord på ferja. FOTO: KJELL LANGMYREN

PUBLISERT:
19 AUGUST 2021 22:29

SIST OPPDATERT:
20 AUGUST 2021 09:32



Anita Vingen

95299623
anita.vingen@r-b.no

Aps statsministerkandidat Jonas Gahr Støre besøkte torsdag Møre og Romsdal, saman med partiets lokale førstekandidat, Per Vidar Kjølmoen.

Romsdals Budstikke fekk undervegs eit eksklusivt intervju der Støre og Kjølmoen svarer om sitt syn på ei rekke viktige lokale saker. Først post på ferjeturen var uansett å sikre seg kaffi og svele.

– Gode sveler, det høyrer med på ferjetur. Seier Jonas Gahr Støre og tek svelegrep.

Nyanserer om to fødeavdelingar

Støre og Kjølmoen forsikrar at dei stiller seg bak fellessjukehuset for Nordmøre og Romsdal, SNR.

– Ap nasjonalt går inn for fellessjukehuset, og vil stemme for løyvingar for å sikre eit sjukehus i toppklasse, med dei funksjonane som er planlagt. Det blir per definisjon mellom dei beste i verda, med nok fagfolk, og trygg bemanning til å kunne vere eit tilbod for heile regionen, seier Støre.

– Kvifor vil Ap ha fødeavdelingar både på det nye fellessjukehuset og også i Kristiansund, når det er vanskar med rekruttering og relativt få fødselar?

– Det er ikkje heilt slik, seier Støre og Kjølmoen. Og utdjupar:

– Vi vil oppretthalde eit desentralisert tilbod i Kristiansund. Men når det gjeld fødeavdeling, er det for Aps helsepolitikk avgjerande at vi har kapasitet og kvalitet. Det kan vi ikkje kompromisse på. I lys av historia, og der vi er på veg, meiner vi dette er funksjonar som må planleggast for fellessjukehuset, seier Støre.

– I Møre og Romsdal Ap har vi opna for fødetilbod i Kristiansund også etter fellessjukehus er bygd, om det er økonomisk og fagleg forsvarleg. Men vi i Ap er ikkje fagpersonar. Vi har politiske mål, og ønsker fleire ting til Møre og Romsdal, så må andre vurdere kva som er fagleg forsvarleg eller ikkje. Men det er vårt ønske å gi ein opning for det, og å bygge bruar mellom ulike deler av Møre og Romsdal, seier Kjølmoen. Også han poengter at tilbodet må vere forsvarleg; det må finnast både pengar og fagfolk, så det blir bra nok.

– Norge er på veg inn i ein jordmorkrise, vi manglar jordmødrer til å dekke behov i sjukehus og kommunar. For meg er det ikkje aktuelt å kompromisse på kvalitet og sikkerheit for fødande kvinner. Det er enkelt å be om fødetilbod spreidd ut over fleire stader, men trygge fødetilbod krev kompetanse og ressursar, som ikkje kan vere spreidd for tynt, understrekar Støre.

Vil riste i føretaksmodellen

Støre tek dessutan til orde for endringar i føretaksmodellen, om Ap kjem i posisjon.

– Vi treng å riste i føretaksmodellen. Høgre har gjort ting vi meiner må rettast opp. Dei har tatt alle politikarane ut av styra, det meiner vi er feil, seier han, og held fram at folk med lokalpolitisk erfaring har med seg viktig kompetanse.

– Vi vil ikkje ha styringsmodell basert på stykkpris, i alle fall ikkje så mykje som i dag, og særleg innanfor psykisk helse, seier Støre.

Han vil likevel halde fast ved at staten eig sjukehusa, og regional styring av sjukehus. Dette fordi 90 prosent av pasientforløp skjer i regionen.

– Vi ønsker også meir stadleg leiing, at det er leiing på kvart sjukehus.

(Oppslaget er kortet ned til kun å omhandle sykehussaken)